

# **Referat frå årsmøte til Rutebilhistorisk Forening, avd. Sogn og Fjordane, på Skei, 24.02.18.**

## **Sak 1 - Opning.**

Håkon Råheim ynskte velkommen. 27 var frammøtte.

## **Sak 2 - Godkjenning av innkallinga.**

Innkallinga vart godkjent, med ein liten bemerkning om at det stod 2017 på innkallinga.

## **Sak 3 - Val av møteleiar.**

Håkon Råheim vart valgt.

## **Sak 4 - Val av 2 til å skrive under møteprotokollen og referent.**

Reidar Holsen og Roald Herstad valgt til å skrive under møteprotokollen. Bjarne Horsevik vart valgt til referent.

## **Sak 5 – Årsmelding.**

Årsmeldinga vart gått gjennom punkt for punkt med følgende kommentarar:

S-3020 skifta cluts, gearolje, lager og bakrute. S-3136 diesellekasje + div. andre ting.

Kommentar til Trøkken og Trøkk: burde vore « i Førde» og ikkje « her i Førde»

Bjørn Falck Russenes bemerkta at ein vesentleg ting var utegløymt i årsmeldinga; Håkon vart tildelt æresmedlemskap på Voss på Veteranbusstreffet i 2017.

## **Sak 6 - Rekneskap 2017.**

Rekneskapan vart framlagt av Per Lien. Rekneskapan viser eit underskot på kr. 6.855 for 2017 mot kr. 11.393 ( underskuot ) for 2016.

Utgiftene til vedlikehold og restaurering av bilparken var kr. 219.072, ein auke på over kr. 90.000 samanlikna med 2016.

Laget har samstundes ein inntektsauke på ca. kr. 100.000 samanlikna med forrige år. Auken kjem frå flaskepant og køyring + overskuot på turar.

Russenes sa at RFSF har god økonomi, den beste i landet.

Det vart diskutert ein del om forsikringar. Blir teke opp til ny vurdering hausten 2018.

Rekneskapen for Indre Sogn Veteranbusslag, som er eit delrekneskap av RFSF, vart framlagt av Per Lien og den viser eit underskuot for 2017 på kr. 70.720, mot eit overskuot på kr. 13.489 for 2016.

Dei har fått dieselkort til begge bussane i Sogn frå Nettbuss, men ikkje noko fast beløp. Frå Luster kommune har dei fått gratis garasje plass på Hafslo.

### ***Sak 7 - Budsjett 2018.***

Godkjent.

### ***Sak 8 – Innkomne saker.***

Ingen innkomne saker.

### ***Sak 9 – Val av styre og revisor.***

Styret som er valgt for 2018:

Leiar – Håkon Råheim gjenvalg 1 år.

Nestleiar – Roald Herstad ikkje på valg.

Kasserer – Per Lien gjenvalg 2 år.

Sekretær – Bjarne Horsevik ikkje på valg.

Styremedlem 1 – Bjørn Falck Russenes ikkje på valg.

Styremedlem 2 – Arne Kjell Fimland gjenvalg 2 år.

Styremedlem 3 – Jonfinn Alme gjenvalg 2 år.

Varamann 1 – Vidar Lægreid gjenvalg 1 år.

Varamann 2 – Trygve Årdal gjenvalg 1 år.

Revisor – Reidar Holsen og Leonard Birkeland gjenvalg 1 år.

### ***Sak 10 – Valnemd 2019.***

Kurt Magne Neset, Endre Hellebust, Audun Hovland.

Kurt Magne Neset kallar saman nemnda.

Bjarne Horsevik

sekretær

Reidar Holsen

Roald Herstad